

Planting av framande treslag på Vaskinn på Grytøya for over hundre år sidan: Ein pioner og verket hans

Av Ola M. Heide

For over hundre år sidan, i perioden frå 1906 og utover, vart det på Vaskinn på Grytøya planta mange framande treslag som har vist seg å trives og vekse godt der. I dag er dette store ruvande tre som ein legg merke til når ein kjører gjennom grenda eller går tur i Vaskinnmarka. På denne tida var det ei vaknande interesse for skogplanting og skogreising her nord. Det var først og fremst snakk om å planta norske bartre som furu og gran med sikte på framtidig produksjon av bygningstømmer til eige bruk. Furu var jo velkjent her nord, og sjølv om ho var borte på Grytøya på denne tida, så vitna funn av store furustokkar i torvmyrene om at furua hadde ei lang forhistorie her. Og ein skulle ikkje lenger av garde enn til Sør-Senja før ein fann skikkelig furuskog. På Stonglandet skrytte dei til og med av at furuene der var så store at ein kunne snu sleden på stubben etter at trea var felt. For grana var derimot situasjonen ein annan. Ho har si naturlege nordgrense i Dunderlandsdalen, og for hundre år sidan var det vanleg oppfatning at ho ikkje kunne veksa og formeira seg nord om Saltfjellet. Rett nok visste ein om at det fans nokre einskilde grantre i øvre Pasvikdalen, men desse er av ein annan underart som har innvandre frå aust (Sibirgran, *Picea abies obovata*). I dag veit vi at det er historiske grunnar til at grana ikkje vaks vill nord om Saltfjellet. Ho hadde ganske enkelt ikkje hatt tid nok på seg til å komme seg over fjellet etter at ho vandra inn i landet att etter dei siste istidene. Med litt hjelp er ho som kjent vel etablert i dag i heile Nordland og store delar av Troms, der ho og på mange plassar utviklar mogent frø og sår seg sjølv. Situasjonen er dermed ein ganske annan enn han var for hundre år sidan. Naturvernarar og andre interesserte er no heller uroa over at grana skal breia seg i meste laget til ulempe for den naturlege vegetasjonen.

Pioneren Johan Vaskinn

Den som starta med treplantinga på Grytøya for over hundre år sidan, var Johan Andreas Jakobsen Vaskinn. Han var fødd i 1884 på garden Nesset på Vaskinn som eldste son av gardbrukar Jakob Andreas Johansen (1856-1929) og Johanna Bergitte Hansdotter (1859-1916) som kom frå Gausvik. Etter oppveksten på Vaskinn, tok han lærareksamen ved Elverum lærarskole i 1907. Seinare tok han jordbrukskurs for lærarar ved Nordland

Landbruksskole, Bodin i 1909 og hagebrukskurs ved Statens hagebrukskole, Hylla i 1911. Denne tilleggsutdanninga viser hans tidlege interesse for jord- og hagebruk. Han var i det heile særst interessert i planter og plantedyrking, og samla mellom anna inn frø av lokale, vinterherdige typar av timotei, hundegras og ulike belgvokstrar på Vaskinn til forbetring av enga på heimgarden. Mellom anna minnest eg at dei på garden sådde frø av gjerdevikke (*Vicia sepium*) saman med timotei for å binda nitrogen i kunstenga på same vis som ein til vanleg nyttar frøblanding med kløver i dag.

Johan Vaskinn var og ein uhuga målmann og hadde stor interesse for lokalhistorie. Han var tilsett som lærar i fleire ulike skolepostar før han i 1922 kom til Sandøyra skole i Balsfjord der han var i over 20 år til han døydde i 1943.

Mange treslag vart planta

På Vaskinn vart det planta mange ulike treslag av både europeisk og amerikansk opphav. Som rimeleg var, vart det planta mest gran (*Picea abies*). Det lokale opphavet eller frøkjelda for denne grana er ukjent for meg, men det gode resultatet av plantinga tyder på at det var gran frå Helgeland eller Namdalen. Det vart planta gran både nede ved husa og i utmarka oppe i Olderskogbakkan og i Hallevika. Dette er i dag stor, hogstmogen skog med tre av grove dimensjonar, og det er hogge ein god del tømmer som er saga opp og brukt til husbygging på garden. Mange tre har høgd på 20 meter eller meir, og rotstokkar med diameter på halvmeteren er ikkje uvanleg. Etter det lovande resultatet av dei første plantingane, vart det seinare planta mykje gran både av den yngre broren Hans, som overtok garden på Nesset, og på nabogardane på Vaskinn. Mykje av dette er nå stor og fin granskog som villig spreier seg ved frø.

I starten vart det planta eit felt med mange treslag under Libakkan nede ved vegen. Det går fortsett på garden under namn av "Granhagen" (sjå Fig. 1). Dessutan vart det og planta ein stor bærhage med rips, solbær, stikkelsbær og bringebær. Mellom desse var det og sortar av rips og bringebær med gulkvite bær (kvitrips og gul bringebær). Restar av desse fins framleis på garden. I bærhagen vart det og planta surkirsebær (truleg Frostakirsebær) og eit tre av bærpal eller prydeple som det og vert kalla (*Malus baccata*). Dette vaks opp til eit stort og flott tre med brei og rund krone som i min barndom og ungdom blomstra rikt kvart år og sette rikt med raude og vakre men små og sure eple. Dessverre døydde dette treet ein gong på 1950-talet, truleg av "alderdoms-svakheit". Kirsebærtrea som jo spreier seg med rotskot, har derimot overlevd slik at det framleis fins fleire små tre av desse i dag. Dei blomstrar og utviklar mogent frukt dei fleste år.



Fig. 1. «Granhagen» på Vaskinn i dag. Den store svenskasalen i framgrunnen er truleg den største og eldste av sitt slag i Nord-Noreg. Sjølv om mange store tre nå er hogd, fins det ennå att store og ruvande tre av fleire slag.



Fig. 2. Rotstokken av ei over 100 år gamal edelgran som vart hoggen i «Granhagen» på Vaskinn i 2011. Treet var då over 20 m høgt og hadde eit kringmål på 180 cm i brysthøgde.

Elles vart det planta fleire eksemplar av ei rad med framande skogs- og prydtre både i Granhagen og rundt bærhagen og i utmarka. Det fins ikkje nokon oversikt over kva treslag som vart planta den gongen, men i dag fins desse treslaga omframt furu og gran:

- Alm (*Ulmus glabra*) – Europa
- Balsamedelgran (*Abies balsamea*) – Nord-Amerika
- Douglasgran (*Pseudotsuga taxifolia*) - Nord-Amerika
- Kvitgran (*Picea glauca*) – Nord-Amerika
- Parklind (*Tilia platyphyllos*) – Europa
- Platanlønn (*Acer pseudoplatanus*) – Europa
- Sibiredelgran (*Abies sibirica*) – Europa og Asia
- Sibirgran (*Picea abies obovata*) – Europa og Asia
- Sibirhagtorn (*Crataegus sanguinea*) – Europa og Asia
- Sibirlerk (*Larix sibirica*) – Europa og Asia
- Spisslønn (*Acer platanoides*) – Europa
- Svenskasal (*Sorbus intermedia*) – Europa
- Søtroggn (*Sorbus aucuparia edulis*) - Europa
- Vanleg ask (*Fraxinus excelsior*) – Europa
- Vanleg edelgran (*Abies alba*) – Europa

Dessutan veit eg at det vart planta eit tre av kvar av artane sommarreik (*Quercus robur*) og nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*), men begge disse døydde av ukjente grunnar etter nokre år. Det vart og planta hassel (*Corylus avellana*) langs ein steingard mot utmarka, men denne vart så sterkt nedbeita av sauane at han etter kvart døydde ut. Dei andre artane er i dag store mektige tre, dei fleste med høgde på 18-20 meter. Det kan til dømes nemnast at det i 2011 vart hogge ei vanleg edelgran i Granhagen som var ca 20 m høg og med stamme som i brysthøgde hadde kringmål på 180 cm (sjå Fig. 2). Ein ruvande 100-åring, kan ein vel seie. Det fins og tilsvarende store eksemplar av sibirlerk og douglasgran. Fleire av treslaga utviklar spiredyktig frø, og har sett avkom. Det gjelder særleg for platanlønna som produserar store mengder frø, og som på mange plassar i Sør-Noreg har spreidd seg så sterkt at ho no er blitt svartelista. Noko problem er så måte er ho ikkje på Vaskinn, sjølv om det fins nokre frøspredde tre i ulike storleikar. Eg har og funne nokre få frøplanter av svenskasal, balsamedelgran og kvitgran utan at ein enno kan seie at desse har etablert seg på staden.

Det vart og planta ein del prydbusker i hagen ved gammelstua på Nes-set, blant anna vanleg syrin (*Syringa vulgaris*), søtmispel (*Amelanchier canadensis*) og tatarleddved (*Lonicera tatarica*). I min barndom og ungdom stod det fine eksemplar av desse i hagen, men i dag er det berre syrinbusken som står att frå den tidlege plantinga. Denne er blitt diger og

har grove stammer med diameter opp mot 20 cm. Han blomstrar rikt kvar vår. Vidare vart det og planta ulike slag stauder og laukblomster i hagen. Nokre av desse fins framleis og er delvis forvilla og naturaliserte.

Desse plantingane til Johan Vaskinn var truleg dei første i sitt slag her nord. Ved Hadsel prestegard fins det og ein del gamle og store tre som vart planta av prost Sigvard Nilsen (1871-1937), som var sær botanikkinteressert og er særleg kjent for staudehagen sin der han blant anna hadde fleire dekar berre med auriklar (*Primula auricula*). Men Sigvard Nilsen kom til Hadsel som sokneprest i 1912 og anla den kjente hagen sin først i 1913. Trea som han planta må derfor vera noko yngre enn dei som først vart planta på Vaskinn. Dei vellykka granplantingane på Vaskinn vart av stor verdi for å skapa interesse for skogplantinga i distriktet. Det kan blant anna nemnast at etter at grantrea byrja å sette konglar, vart det etter initiativ frå Troms skogselskap samla inn konglar og frø til oppal av granplanter i planteskolen på Andselv. Skogselskapet skaffa og ein spesiellaga, lett og praktisk stige til dette formålet. Eg hugsar at i min ungdom låg denne stigen lagra oppunder taket i nauset på Nesset. Tidlege erfaringar med dei mange framande treslaga som vart planta på Vaskinn, har og hatt stor verdi for val av gode og herdige treslag til planting i hagar og parkar her nord. Til dømes har Draglands planteskole på Lundenes hatt nytte av å samla frø av nokre av dei gamle trea på Vaskinn. Det gjeld særleg frø av ein stor svenskasal som vart planta for over hundre år sidan og som framleis er livsfrisk og sterk. Alt i alt kan ein trygt seia at pionerarbeidet til Johan Vaskinn har sett varige spor etter seg.

Kjelder

Espeland, A. (red.). Norske skolefolk. Dreyers Forlag, Stavanger. 1934.

Ola M. Heide er pensjonert professor i botanikk ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (tidlegare Norges landbrukshøgskole), 1432 Ås. Han vart fødd på Forr på Grytøya i 1931 der han vaks opp og budde til han reiste ut som tjueåring.

Har det bodd finner på Finnes?

Av Håvard Dahl Bratrein

Dette er et spørsmål som kan stilles mange steder i Nord-Norge. I dette tilfellet dreier det seg om Finnes på Kvaløy i Tromsø kommune, og gjelder de gamle matrikkelgårder 73 og 74 i Tromsøysund (Finnes søndre og nordre hos Rygh 1911). I tillegg kan vi ta med nabogården Finnland, matrikkelgård 72, som i dag utgjør bydelen Kvaløysletta i Tromsø.

Foranledninga til dette innlegget er ei språklig utgreiing av Unni Jakobsen om stadnamnet Finnes på Kvaløy, gjengitt fra «Yggdrasil», i Nils E. Bjørklunds slekthistoriske bok om gårdene fra Nord-Finnes til Futrikelv på Kvaløya (Bjørklund 2009). Med basis i forfatteren Jacob B. Bulls tolking av Finstad i Øvre Rendalen fra 1919 og namnet Fana i Fana bygdebok av T.J. Larsen fra 1980, lander Unni Jakobsen på ei betydning av «finn» som uttrykk for et myrlendt område.

Forfatteren kan ha rett i at «finn» i stadnamn i noen tilfeller kan være vanskelig å tolke, især i Sør-Norge. Ho har sikkert også rett i at det er mye myrlendt utmark på Finnesgården. Men ho ser altså bort fra folkenamnet finn (same), som er Ryghs egen tolkning av Finnes på Kvaløy (Rygh 1911). I «Norsk stadnamleksikon» (Sandnes / Stemshaug 1976/1980), som må sies å være den beste oppdatering av språkhistoria for stadnamn i Norge, er oppgitt 6 ulike forslag til tolkning av «finn» (folkenamnet finn, finn som finnlender, mannsnamnet Finn, plantenamnet finna, elvenamnet Finna, finner som trolldomsfolk). I leksikonet er altså myrlendt land ikke tatt med som tolkningsforslag.

Ut fra de historiske forutsetninger må vi nok regne med at folkenamnet «finn» ligger bak de fleste stadnamn med «finn» i Nord-Norge. Dette gjelder også Finnes på Kvaløya. Her er vi da også i den heldige situasjon at vi har kilder som viser til en klar samisk bosetningsperiode på Finnes forut for og delvis samtidig med den norske bosetningsperiode, som begynte tidlig på 1600-tallet.

Nøkkelen til dette ligger i ei opplysning i gårdsmatriklene for 1667 («Findnæs med Ribberbye») og 1723 («Findnes med Riberbye»), begge gjengitt hos Bjørklund. Her framgår klart at Ribberbye (heretter normalisert av meg som Rebbeby) da var en del av Finnesgårdene, men trulig ikke lenger var en egen bosetningsenhet. Spørsmålet blir da hva slags bosted Rebbeby kan ha vært. Rygh sier at «Om det i 1723 anførte Riber-

ELDAR HEIDE
KRINGLEBOTN 120
5225 NESTTUN

B



Returadresse: Skjærvegen 30, 9404 Harstad

Håløygminne

Harstad

er einaste lokallistoriske tidsskriftet for heile Nord-Noreg. Skriftet kjem ut med 4 hefte om året. Det har stoff om nordnorsk historie, om folkeminne og tradisjon m.m. I blant har «Håløygminne» gitt ut særskilde tilleggssøker som tingarane har fått utan ekstra kostnad.

Årspengane er kr 200,- (frå 01/01-2014). Alle bibliotek kan tinge skriftet gjennom Norsk Bibliotekforenings Tidsskriftformidling til noko redusert pris.

Tidsskriftet blir sendt inntil mottakaren seier opp abonnementet.

Vidkunn Eidnes har ansvaret for skriftet.

Adresse for Håløygminne: Skjæravn 30, 9404 Harstad
E-post: v.eidnes@frisurf.no - Bankgiro 4760.05.11404.
Org.nr.: 996 629 570 - Håløygminne på internett: www.hminne.no

Ekspedisjonen har framleis dei fleste av hefta etter 1963 for sal, likeeins register for tida 1920-44 og 1945-2004 og ein del særprent. Ved å vende seg til ekspedisjonen kan ein få opplysning om prisane m.m.

Inntil vidare sel vi eldre årgangar til «gje-bort-pris»!

Innhald i dette heftet:

Øystein Ringaker:	Folkeviser i Beiarn.....	s. 317
Ola M. Heide:	Ein pioner og verket hans	s. 326
Håvard Dahl Bratrein:	Har det bodd finner på Finnes?	s. 331
Finn Myrvang:	Når harpa blir herpa	s. 336
Vidkunn Eidnes:	Mor Lyng og hennes samtid (Bokmelding)	s. 339

